



Tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2023/2024

7. mai 2024

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge og sikre at omsetninga av norsk korn kan skje til målpris. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet.

Dette er siste oppdatering av estimert balanse i sesongen 2023/2024 og grunnlag for siste tildeling av importkvotar og iverksetting av eventuelle andre marknadsbalanserende tiltak.

Tilgangsprognose

Marknadsregulator forventar følgjande tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

Tilgang av norsk korn til industrien (tonn)

	Gjennomsnitt 2018-22	Tilgang 2022	Prognose 2023	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	195 300	274 200	56 600	29 %	21 %
Fôrkveite	104 800	110 600	121 800	116 %	110 %
Kveite i alt	300 100	384 800	178 400	59 %	46 %
Matrug	12 800	24 300	3 700	29 %	15 %
Fôrrug/rugkveite	25 200	35 100	26 900	107 %	77 %
Rug/rugkveite i alt	38 000	59 400	30 600	81 %	52 %
Bygg	552 800	620 400	446 300	81 %	72 %
Havre	244 800	307 300	190 800	78 %	62 %
Korn totalt	1 135 700	1 372 000	846 100	75 %	62 %
Erter	4 700	9 400	7 300	155 %	78 %
Oljefrø, åkerbønner	14 900	23 700	12 100	81 %	51 %
Korn, erter, oljefrø	1 155 300	1 405 100	865 500	75 %	62 %
Matandel kveite	65 %	71 %	32 %		
Matandel rug/rugkveite	34 %	41 %	12 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar samla sett er 63 000 tonn større enn prognosert i november, med størst auke for bygg og havre.

Tabellen under viser den estimerte fordelinga av tilgjengeleg norsk matkveite fordelt på klasser for glutenkvalitetar¹:

Matkveite - Fordeling av tilgang og proteininnhald (tonn og prosent)

	Matkveite 2023-avling	Klasse-fordelt	Protein-%	Korn frå sesong 2022/23	Progno-sert tilgang og forbruk	Fordeling av forbruk
Klasse 1	5 100	9 %	15,7 %	8 500	13 600	17 %
Klasse 2	6 900	12 %	15,0 %	15 600	22 500	28 %
Klasse 3	6 000	11 %	14,7 %	700	6 700	8 %
Klasse 4	37 600	68 %	13,2 %	1 000	38 600	47 %
I alt	55 600	100 %	13,8 %	25 800	81 400	100 %

Foredling av korn i Norge

Det er ikkje meldt inn at aktørar har overskott av korn, jamfør registreringa pr. 4. april.

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn i 2023/2024 er basert på forbruksstatistikk til og med februar 2024. På grunn av at påska påverkar forbrukstala er det brukt trendframskriving for mars i tillegg til for resten av sesongen, med månadsvis trendutvikling for dei fem siste sesongane. Tabellen under viser den totale foredlinga av matkorn for den norske marknaden dei siste sesongane og prognose:

Matkornforedling pr sesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 214	20 609	2 795	38 138	335 756
2021/2022	273 962	17 416	2 670	37 826	331 874
2022/2023	264 367	15 614	2 623	35 813	318 417
Prognose 23/24	266 800	16 100	2 800	37 000	322 700
Endring	0,9 %	3,1 %	6,7 %	3,3 %	1,3 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Tabellen under gir oversikt over fordelinga av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra frå den førre sesongen, som grunnlag for vurdering av suppleringsbehov:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkorn			Fôrkorn					Fôrkorn i alt
	Kveite	Rug	Havre	Kveite	Rug/-kveite	Bygg	Havre	Erter	
Frå sesongen før	26 000	5 400	12 000	0	0	14 000	0		14 000
Prognosert ny tilgang	57 000	4 000	0	122 000	27 000	446 000	191 000	7 000	793 000
Mat/fôr i ny tilgang	-1 000	0	6 000	1 000		-300	-6 000		-5 300
Tilgang sesong	82 000	9 400	18 000	123 000	27 000	459 700	185 000	7 000	802 000

¹ Tilgangen er korrigert for at 1 000 tonn kveite innkjøpt som matkorn er brukt til fôr.

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2024 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg for resten av prognoseperioden. Prognosert omsetning i andre kvartal er justert opp på grunn av forskyving av omsetning av tre dagars omsetning frå mars til april. Auka mjølkekvoter gir auka forbruk av kraftfôr pr kg mjølk og forbruksprognosen for drøvtyggarfôr er auka med 5 000 tonn for å dekke dette.

Prognosert forbruk av kraftfôr i perioden oktober 2023 – september 2024 går fram av tabellen:

Kraftfôromsetning per kornsesson (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 032 386	463 321	478 921	14 638	1 989 266
4K20 - 3K21	1 046 163	469 909	501 957	13 742	2 031 771
4K21 - 3K22	1 008 979	465 405	508 593	13 560	1 996 537
4K22 - 3K23	960 402	466 272	515 010	13 400	1 955 084
Prognose 23-24	987 000	468 000	531 000	12 000	1 998 000
Endring	2,8 %	0,4 %	3,1 %	-10,4 %	2,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

I prognosen er lagt til grunn 73,9 % karbohydrat i kraftfôret basert på oppdatert statistikk pr. 1. kvartal i 2024 og normal utvikling frå eit kvartal til neste for dei to neste kvartala.

Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôret i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)	
Kraftfôrsal	1 998 000
Andel karbohydratråvare	73,9 %
Behov karbohydratråvarer	1 476 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller	55 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr	1 421 000

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Marknadsregulator gir råd til Landbruksdirektoratet om suppleringsimport av korn og kornvarer til matmjøl og kraftfôr. Dette rådet skal vere basert på prognosen.

Minimumsimport for å sikre god kvalitet på sluttprodukt

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Foredling av korn til sluttprodukt føreset likevel bruk av ein del importerte råvarer. Rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 drøfta rammene for minimumsimport av visse råvarer og fastslo grunnlaget for kva som bør vere minimums importnivå. Det er definert konkrete krav til kvantum av fôrkorn som bør vere import, men ikkje for matkorn. Tilgangen av norsk fôrkorn på 802 000 tonn er mindre enn industrien har rom for innafor rammene for nødvendig minsteimport.

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Prognosen gir følgende behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 424 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 138 000
Prognosert tilgang av norsk korn til fôr i sesongen	802 000
- Prognosert forbruk av norsk korn til fôr etter svinn **)	-794 000
Importbehov for karbohydratråvare	630 000

*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Av prognosen følgjer at 42 % av råvarene i kraftfôret er norsk korn og kli.

Internasjonalt avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Kvoter som blir tildelt på auksjon blir korrigerert for denne importen. For perioden 01.08.2023 – 24.04.2024 er det importert 13 700 tonn rørmelasse. For perioden 25.04.2024 – 31.07.2024 er det søkt lisensar for 6 000 tonn.

For den siste perioden i kvoteåret 2022/2023 vart det ikkje gitt lisensar for import frå MUL-land. Det er difor ikkje behov for å korrigere for underutnytting i denne perioden.

Norge har gitt tilgang til kvotar med tollfri import, som prognosane i utgangspunktet har lagt til grunn blir utnytta fullt ut. Dei seinare åra har utnyttinga av kvotane variert og redusert utnytting har blitt erstatta av import over kvotar med administrert toll for å sikre det totale suppleringsbehovet. Kvoteutnyttinga i prognoseåret har blitt sett lik importen i føregående kalenderår. Det er lagt til grunn at importen av GSP-melasse i 2024 har stansa opp etter første kvartal. I 2023 vart kvota utnytta med 26 000 tonn. Vi legg til grunn at ein tredel av dette er brukt i perioden september til desember 2023 – knapt 9 000 tonn. Den prognoserte importen av GSP-melasse i perioden januar-august i 2024 er estimert til 6 000 tonn. Total import av melasse frå GSP-land i kvoteåret blir då estimert til 15 000 tonn.

Kvote for suppleringsimport av kornråvarer til kraftfôr

Marknadsregulator vurderer behovet for supplerande import i mai som vist under:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2024 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	630 000
- Utnytta kvoter for mais og maisgrits frå EU i 2023	-23 000
- Utnytta kvote for GSP-import av melasse i 2023/2024	-15 000
Korreksjon for ubrukte GSP-lisensar	0
Suppleringsimport inklusive GSP-import	592 000
- Tildelt importkvote i august	-142 000
- Tildelt importkvote i november	-307 000
Importbehov juni-aug inklusive GSP-import før korreksjon	143 000
- MUL; importert august-april og lisensiert import april-november	-20 000
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	123 000

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Importbehov i sesongen

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskproduert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	266 800	16 100	2 800	37 000	323 000
Norsk matkorn	-82 000	-9 000	-300	-18 000	-109 000
Suppleringsbehov matkorn	184 800	7 000	2 500	19 000	213 000

For havre trengs import av både konvensjonell og økologisk vare. Dette gir ein andel norsk matkorn på 34 % for sesongen.

Kvotefor suppleringsimport av matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at importen av durum kan bli dekt innanfor bilateralt avtalte kvotar. Kvantumet er sett likt importen i siste kalenderår.

Dette tilseier følgjande kvote for import av matkorn:

Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2024 (tonn)	
Prognosert suppleringsimport sesongen	213 000
- Import under bilaterale kvoter for durumkveite	-1 400
Suppleringsimport inklusive GSP-import	211 600
- Tildelt importkvote i august	-50 000
- Tildelt importkvote i september	-51 000
- Tildelt importkvote i november	-71 000
Importbehov juni-aug inklusive GSP-import	39 600
- Lisensiert GSP-import	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	40 000

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Kveite i alt	Matrug	Førrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
2021/22	186 473	63 170	249 643	16 343	22 045	38 389
2022/23	274 193	110 570	384 763	24 303	35 137	59 440
10. juli	153 000	69 000	222 000	12 000	17 000	29 000
16. august	126 000	126 000	253 000	13 000	23 000	36 000
18. september	64 000	149 000	212 000	5 000	27 000	31 000
15. november	51 000	121 000	172 000	4 000	25 000	29 000
20. mars	57 000	120 000	177 000	4 000	27 000	31 000
Prognose	56 600	121 800	178 400	3 700	26 900	30 600

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
2021/22	581 344	254 959	1 124 335	3 271	12 564	20 060
2022/23	620 414	307 341	1 371 958	9 435	23 730	32 961
10. juli	528 000	220 000	999 000	9 000	9 000	-
16. august	539 000	236 000	1 064 000	8 000	20 000	-
18. september	446 000	220 000	909 000	10 000	18 000	-
15. november	405 000	179 000	785 000	7 000	11 000	13 000
20. mars	445 000	191 000	844 000	7 000	12 000	14 000
Prognose	446 300	190 800	846 100	7 300	12 100	13 600

Kjelder for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Registrert som rug i statistikk og arealprognose. Første kvantumsprognose i november.